

## Fleire klager

Helsetilsynet i Hordaland har dei siste åra behandla eit jamt aukande tal klager på manglande oppfylling av pasientrettar. I 2006 var talet 91. Klagenes kjem i hovudsak innanfor tre område. Det er retten til nødvendig helsehjelp i kommunen, tilsvarande i spesialisthelsetenesta og i tillegg kjem økonomisk stønad til reiseutgifter.

### Ulik prioritering

I spesialisthelsetenesta er det framleis eit problem å legge lista for prioritering av pasientane likt. Praksis viser at det er ulike syn på kva som gir rett til nødvendig helsehjelp. Pasientane får derfor ikkje alltid eit likeverdig tilbod. Skilnader finn ein også ved fastsetjing av siste frist for når medisinsk forsvarlegheit krev at helsehjelpa blir gitt. Det gjeld både innanfor somatikk og psykiatri. Det er truleg fleire årsaker til desse problema. Ei årsak kan vere at vurderingane ikkje blir gjort uavhengig av det tilbodet som er tilgjengeleg ved den institusjonen som gjer vurderinga. Dette er vanskelege vurderingar som krev gode retningslinjer og røynde medarbeidarar.

### Høg terskel for sjukeheims plass

Når det gjeld kommunehelsetenesta er klagesakene prega av avgrensa tilgong på plassar i sjuke-

heimar. Dette gir seg utslag på fleire måtar. Dels ser vi at nokre kommunar har ein praksis der dei let eldre dele einarom for å bøte på manglande sjukeheims plassar. Andre kommunar legg lista for høgt for tildeling av fast plass i sjukeheim. Fleire kommunar tildeler anna hjelp utanfor heimen som ikkje nødvendigvis dekkjer alle behova til pasientane. Tildeling av plass i omsorgsbustad utan tenestetilbod heile døgnet er eit eksempel på det siste. Dette er sjølv sagt bekymringsverdig. Talet på klager der Helsetilsynet i Hordaland har gitt klager medhald, har auka dei siste åra.

*Fylkesmannen i Hordaland*